



Bakgrunn for vedtak

Endra inntaksløysing for Uskedal Vassverk

Kvinnherad kommune i Vestland fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	Uskedal Vassverk SA
Referanse	202101244-5
Dato	02.07.2021
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Silje Aakre Solheim

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

1	SAMANDRAG	1
2	SØKNAD.....	2
3	HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING.....	4
4	NVE SI VURDERING	6
5	NVE SIN KONKLUSJON	8
6	FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK.....	9
7	MERKNADAR TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VASSRESSURSLOVA.....	10
8	VEDLEGG.....	12

1 Samandrag

Uskedal Vassverk SA har bede NVE om å konsesjonspliktverdure ei endra inntaksløysing for Uskedal Vassverk i Kvinnherad kommune. Vatnet frå vassverket vert nytta til drikkevatn/generell vassforsyning. Vassverket planlegg å flytte inntaket sitt om lag 130 m oppover i elva for å sikre ei tryggare vassforsyning til abonnentane sine. Vassuttaket skal halde fram som før. Sidan tiltaket kan påverke alminneleg lågvassføring på ein ny strekning har NVE valt å konsesjonsbehandle tiltaket..

Verken Kvinnherad kommune eller Statsforvaltaren i Vestland har avgjerande merknadar til det planlagde tiltaket. Geir og Elin Enes har uttalt at det privatrettslege ikkje er på plass når det gjeld det nye inntaket.

NVE har behandla flytting av inntaket og dei fysiske inngrepa dette fører med seg i form av ny veg og vassleidning, og vi har også behandla sjølv vassuttaket.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

NVE kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som vil bli negativt påverka av det relativt avgrensa tiltaket. I vår behandling av tiltaket har vi lagt vekt på at tiltaket er med på å sikre trygg vassforsyning til 500 abonnentar.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Uskedalen Vassverk SA etter vassressurslova § 8 løyve til etablering av nytt inntak og uttak av vatn til drikkevassforsyning/generell vassforsyning. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

2 Søknad

NVE har mottatt ei melding frå Uskedal Vassverk SA, datert 13.1.2021, der de ber NVE om å konsesjonspliktverdure ei planlagt flytting av inntak til Uskedal Vassverk. NVE har valt å behandle dette som ein søknad om konsesjon etter vassressurslova § 8.

2.1 Hovuddata for vassuttak frå Eikeelva til vassforsyning

TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt	km ²	4,6
Middelvassføring	l/s	623
Alminneleg lågvassføring	l/s	27
VASSDRAGSANLEGGET		
Inntak	moh.	127
Avlaup	moh.	-
Lengde på påverka elvestrekning	m/km	130
Høgde på inntaksdam	m	1,9
Tal på røyr som vassleidningen består av	stk	1
Maksimalt vassuttak	l/s	15
Gjennomsnittleg vassuttak	m ³ /døgn	616
Planlagt minstevassføring	l/s	-

2.2 Om søkjar

Søkar er Uskedal Vassverk SA. Dette er eit privat vassverk i Uskedal. Vassverket vart stifta i 1949. Vassverket forsyner det meste av Uskedal med vatn og har i dag 500 abonnentar. Desse inkluderer vanlege hushald, landbrukseigedommar, turistverksemdar, anna forretningsdrift og ei større næringsmiddelbedrift.

2.3 Historie og eksisterande inngrep

Uskedal Vassverk hentar vatn i frå Eikeelva. Det vart gjeve rett til vassuttak i eit ekspropriasjonsløyve frå Det Kongelige Industri-Håndverk og Sjøfartsdepartement den 3. juni 1949. I 1991 vart det bygd nytt inntak på ca. kote 120 som erstatning for eit inntak på kote 85. Det vart då også bygd høgdebasseng og ventilhus på kote 100. Den opphavlege inntaksdammen på kote 85 er oppretthalden og vert i dag nytta som reservevasskjelde ved svært låg vassføring i elva. Det blir då nytta eit provisorisk opplegg med pumpe som løftar vatnet opp til vassbehandlingsanlegget i ventilhuset på kote 100.

Vassverket har i dag inntak med infiltrasjonsrøyr gravne ned i lausmassar i elvebotn på ca. kote 120. denne løysinga er sårbar for lita vassføring og frost. I periodar vert det brukt mykje ressursar på provisoriske løysingar for å sikre nok vatn. Inntaksløysinga er også sårbar for massetransport ved flaum og krev mykje vedlikehald.

Vassverket har i dag ein maksimal leveringskapasitet på 15 l/s. Denne kapasiteten er avgrensa av UV-anlegget i vassbehandlingsanlegget. Vassuttak i eit normaldøgn er ca. 616 m³.


2.4 Eikeelva kraftverk

Den 22.4.2014 vart det gitt konsesjon til Eikeelva kraftverk i Eikeelva med inntak på kote 225 og kraftstasjon på ca. kote 5. Røyrkata skal leggst på austsida av elva. Kraftverket er ikkje bygd og har

fått utsett byggefrist til 11.6.2025. Kraftverket har eit krav til minstevassføring på 30 l/s. Det er også forutsett i konsesjonen at Eikeelva kraftverk og Uskedal Vassverk SU kjem til einigheit seg i mellom.

2.5 Teknisk plan

2.5.1 Oversiktskart planlagt tiltak



2.5.2 Inntak

Vassverket ønskjer å bygge eit nytt inntak ca. 130 m lenger oppe i elva i forhold til dagens inntak, ved ca. kote 127. Inntaket skal bestå av ein betongterskel fundamentert på fjell med høgde på 1,9 m. På eit parti med breidde 1 m er høgda på terskelen redusert med 0,3 m. Her skal det plasserast ei coandarist med kapasitet på ca. 35 l/s. Ei renne under rista fører vatnet til ein inntakskum med eit lite slamfang, moglegheit for utspyling med botntappeluke og uttak for vassleidning for føring av vatn til eksisterande vassbehandlingsanlegg. Coandarista er planlagt med overkapasitet som sikkerheit mot tiltetting av vegetasjon og isdanning. Ved normal drift vil vatn som ikkje går til vassbehandlingsanlegget renne ut att gjennom rista.

2.5.3 Veg

Det er behov for å bygge ca. 65 m ny veg frå eksisterande veg fram til inntaket. Det er planlagt å behalde vegen som tilkomstveg for vedlikehald.

2.5.4 Vassleidning

Det skal leggest ca. 125 m ny vassleidning frå inntakskummen fram til samankopling med eksisterande vassleidning ved dagens inntak.

3 Høyring og distriktsbehandling

Søknaden har vore sendt på avgrensa høyring til Kvinnherad kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. På grunn av tiltaket sitt relativt avgrensa omfang, meiner NVE at saka med dette er tilstrekkeleg opplyst.

Høyringspartane sine egne oppsummeringar er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Kvinnherad kommune kom med uttale den 18.2.2021:

«Vi har utført ein tiltaksanalyse via kommunekart for området der det nye inntaket og forlenging av vegen er plassert.

Det ligg i eit registrert friluftsområde. Den merka stien ligg vest for område. Kommunen kan ikkje sjå at det nye inntaket vil ha særlege negative påverknader på fritidsbruken i området

Drikkevassforsyninga for området vert sikrare med nytt inntak. Kommunen har elles ikkje merknader til søknaden.»

Statsforvaltaren i Vestland uttalte følgjande i brev av 26.2.2021:

«Vi har ingen særleg merknad til søknaden om endra inntaksplassering for Uskedalen vassverk.

Vi viser til oversending av 22. januar 2021.

Om tiltaket

Uskedalen vassverk er eit privat vassverk som forsyner det meste av Uskedalen. Dei har i dag to inntak i Eikeelva, eit på kote 85 og eit på kote 100. Det opphavlege inntaket på kote 85 er nytta som reservevasskjelde ved låg vassføring i elva.

Dagens inntak er sårbar for lita vassføring, frost og massetransport, og krev mykje vedlikehald. Vassverket ønskjer difor å etablere eit nytt inntak om lag 130 meter lenger opp i elva, ved ca. kote 127.

Det skal etablerast ny veg frå det eksisterande inntaket og opp til nytt inntak (65 meter). Og det skal etablerast ny vassleidning (125 meter lang), frå nytt inntak og ned til samankopling med eksisterande vassleidning ved dagens inntak. Vegen fram til nytt inntak skal behaldast etter anleggsperioden som tilkomstveg for vedlikehald.

Vår vurdering

Det er ikkje registrert truga eller artar av særleg stor forvaltingsinteresse i tiltaksområdet (naturbase og artskart). Vingemose (art av særleg stor forvaltningsinteresse) er registeret på

austsida av Eikeelva, og vert ikkje råka av etablering av nytt inntak. Det er ikkje fisk i det aktuelle området.

Vår vurdering er at dette er eit tiltak med stor samfunnsverdi, og vi har ingen særleg merknad til tiltaket. Vi legg elles til grunn at omsyn til naturmiljø, landskap og friluftsliv vert ivarettatt.»

Geir og Elin Enes kom med følgjande uttale i e-post av 27.3.2021:

«Gjennom ein artikkel i lokalavisa har me blitt kjent med at Uskedal Vassverk har søkt om løyve til å byggja eit nytt inntak i Eikeelva.

Som grunneigar av gnr 131 bnr 3 i Kvinnherad kommune, er me rettshavarar til Eikeelva i Uskedalen, men me har likevel ikkje blitt inkludert som part i saka.

Me kan ikkje sjå at eksisterande ekspropriasjonsløyve for uttak av vatn er dekkjande for dette tiltaket. Eit vilkår i løyvet er inntak på kote 85, medan det slik me forstår, no er planar om inntak på kote 127.

Det må etter vår meining på plass ein avtale mellom Uskedal Vassverk og rettshavarar i elva før dette prosjektet kan realiserast.

Me ber om at NVE tar omsyn til dette i vidare sakshandsaming, og også held oss oppdatert om vidare utvikling i saka.»

Uskedal Vassverk SA har kommentert høyringsuttale i e-post av 23.4.2021:

«Geir og Elin Enes meiner at vassverket må inngå ei eigen avtale med alle rettshavarane i Eikeelva fordi ein ønskjer å flytte inntaket til kote 127, medan grunnlaget for ekspropriasjonsløyvet og utmåling av erstatningar ved skjønn i 1949 var eit inntak i elva på kote 85. Alle rettshavarane vart orienterte om flytting av inntaket frå kote 85 til kote 120 i 1991, då vassverket inngjekk avtale berre med den grunneigaren der det nye inntaket vart bygd. Årsaka til dette var at vassverket ikkje kunne sjå at det vart endringar i tilhøva nedanfor inntaket så lenge den mengda vatn som vassverket tok ut var innanfor den grensa som var føresetnaden for løyvet i 1949. Dette er også vassverket sitt syn i dag når ein ønskjer å flytte inntaket til kote 127. Det kan ikkje vera tvil om at alle rettshavarar i elva har fått erstatning for som det står «Hva virkningen av tiltaket angår finner retten at de saksøkte i en større tid av året vil miste sin vassrett. Dette må de få erstattet.» De har dei fått for over 70 år sidan.

Så lenge tilhøva i elva innafor rettshavarane sine eigedomar er uendra, kan ikkje vassverket sjå nokon grunn til nye avtalar, og fråsegna frå Geir og Elin Enes seier ikkje noko om innhaldet i ein eventuell avtale. Dersom vassverket skulle ønskje å ta ut meir vatn frå elva enn det som låg til grunn for løyvet og erstatningane i 1949, så ville situasjonen sjølvstøtt vore ein annan. Men det er ikkje tilfellet. Som vist i søknaden er uttaket til vassverket sitt høgdebasseng i dag avgrensa til omlag 15 l/sek og utgåande vassmengde på nett frå høgdebasseng er mellom 7-8 l/sek. Medan ein på grunnlag av løyvet og skjønn i 1949 har kalkulert mogeleg uttak på nett til opp mot 60 l/sek.

Når det gjeld merknader om manglande informasjon vil vi vise til orientering om planlagd flytting i kvart årsmøte dei seinaste år, også i 2019 då Geir Enes var til stades. Han var ein av to som skreiv under på møteprotokolen det året.

Vassverket kan som sagt ikkje sjå at flytting kan ha noko praktisk betydning for Enes all den tid dei har fått erstatning for vassretten og vi heller ikkje kjem inn på deira eigedom. Vi kan

heller ikkje sjå at det har betydning for å få vurdert om tiltaket krev konsesjon eller ikkje. Dersom Enes meiner at dei har krav på noko så får dei ta dette opp rettsleg med vassverket.

Vassverket håpar på eit snarleg svar frå NVE om tiltaket krev konsesjon eller ikkje etter konsesjonslova.»

4 NVE si vurdering

Konsesjonsbehandling

Uskedal Vassverk SA har i utgangspunktet bede NVE om ei konsesjonspliktavurdering av den planlagde flyttinga av inntaket. Det har vore teke ut vatn frå Eikeelva i lang tid før vassressurslova trådte i kraft i 2001, og eldre tiltak kan i hovudsak fortsette som før utan konsesjon, jf. vassressurslova § 66. Sidan inntaket no er planlagt lenger oppe i elva vil det fråføre vatn frå ei lenger strekning enn tidlegare. I tørre periodar vil vassuttaket kunne forårsake at vassføringa kjem under alminneleg lågvassføring på ei strekning der vassverket tidlegare ikkje har tatt ut vatn. Dette er direkte konsesjonspliktig jf. vassressurslova § 10. NVE har difor valt å konsesjonsbehandle tiltaket.

4.1 Hydrologiske verknader av tiltaket

Inntaket til vassverket nyttar eit nedbørfelt på 4,6 km² og middelvassføringa er berekna til 623 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er oppgitt til 27 l/s. Det er oppgitt eit maksimalt vassuttak på 15 l/s. Det er ikkje foreslått å sleppe minstevassføring.

NVE har ikkje kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden.

Det maksimale vassuttaket er lite i forhold til middelvassføringa i vassdraget og det meste av tida vil vassuttaket ha lita betydning for vassføringa i elva. I svært tørre periodar vil ein derimot kunne risikere å tørrelegge den aktuelle elvestrekninga som følgje av vassuttaket. Vatnet skal nyttast til drikkevassforsyning og det største behovet her kan ofte samanfalle med dei tørraste periodane i elva. NVE vurderer difor at ein med det planlagde vassuttaket vil kunne komme til å tørrelegge Eikeelva på den strekningen som vert fråført vatn.

4.2 Naturmangfald

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om nytt inntak til Uskedal Vassverk SU legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 24.3.2021. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

Søk i Artskart og Naturbase den 24.3.2021 viser ingen registreringar av raudlista artar eller viktige naturtypar i området. Heller ikkje høyringspartane har kjennskap til slike verdiar. Eit nytt inntak i Eikeelva til vassforsyning vil etter NVE si mening ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå Uskedal Vassverk SU i samanheng med anna påverknad på naturtypene, artane og økosystemet. Det er gitt konsesjon til Eikeelva kraftverk på same strekning som vassverket hentar vatn. Vassverket tok ut vatn også då det vart gitt konsesjon og dette vassuttaket var såleis med i dei vurderingane NVE gjorde den gongen. Vassverket har ikkje planar om å auke vassuttaket sitt. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

4.3 Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Landskapet på vestsida av elva frå vassbehandlingsanlegget og opp til enden av eksisterande veg er flatt og ope beiteland. Vidare oppover mot planlagt inntak blir det brattare og meir skog. På austsida av elva er det lauvskog på heile strekka (flyfoto). Frå eksisterande inntak til nytt inntak er det ein høgdeskilnad på om lag sju meter. Vestsida av elva vert nytta som beiteområde. Sidan her er enkel tilkomst med veg vert området også nytta ein del som turområde. Det vert opplyst at det ikkje er fisk på denne strekninga av elva, men at området vert nytta til jakt. Kommunen opplyser at området ligg i eit registrert friluftsområde, men at stien ligg vest for tiltaksområde. Dei kan ikkje sjå at tiltaket skal påverke friluftsinteressene i området. NVE deler kommunen sitt syn på dette og kan ikkje sjå at allmenne interesser knyt til landskap og brukarinteresser vil bli negativt påverka av å flytte inntaket 130 m lenger opp i elva.

4.4 Kulturminne

Det er ikkje kjente kulturminne i området og tiltakshavar skriv at dei vil ta kontakt med fylkeskonservator i samband med detaljplanlegging.

4.5 Flaum og skred

Tiltakshavar skriv at området inngår som del av skredfarekartlegging i Kvinnherad kommune (NVE/NGI 2015). Etter denne kartlegginga ligg ikkje området innanfor faresone for nokon typar skred.

4.6 Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging som omsøkt vil gje ei tryggare vassforsyning for Uskedal Vassverk sine abonnentar.

4.7 Eikeelva kraftverk

Uskedalen Vassverk SA nyttar vatn på ei strekning der det også er gjeve konsesjon til Eikeelva vassverk. Det vart teke omsyn til vassverket i konsesjonsbehandlina og vassuttaket til vassverket er ikkje planlagt auka i forhold til tidlegare. I konsesjonen vart det forutsett at eigar av kraftverket og Uskedalen Vassverk SA kjem til einigheit seg i mellom. NVE kan ikkje sjå at ei flytting av inntaket som planlagt vil påverke planane om kraftverk i elva.

4.8 Privatrettslege forhold

NVE har motteke ein høyringsuttale frå Geir og Elin Enes som meiner at eksisterande ekspropriasjonsløyve ikkje er dekkande for det no omsøkte tiltaket. NVE presiserer at det her ikkje er søkt om ekspropriasjon og det er opp til søkar å sørge for at dei har det privatrettslege i orden.

4.9 Nedlegging av vassdragsanlegg jf. vassressurslova § 41

Vi minner om at vassdragsanlegg som tiltakshavar ikkje lenger vil halde ved like skal fjernast og området tilbakeførast til naturtilstand så godt det let seg gjere. NVE reknar med at dei eksisterande inntaka vert fjerna dersom desse no ikkje skal brukast lenger.

4.10 Oppsummering

Uskedal Vassverk SA planlegg å flytte inntaket sitt om lag 130 m oppover i elva for å sikre ei tryggare vassforsyning til abonnentane sine. Vassuttaket skal halde fram som før. Sidan tiltaket kan påverke alminneleg lågvassføring på ein ny strekning har NVE valt å konsesjonsbehandle tiltaket. NVE kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som vil bli negativt påverka av det relativt avgrensa tiltaket. I vår behandling av tiltaket har vi lagt vekt på at tiltaket er med på å sikre trygg vassforsyning til 500 abonnentar.

5 NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Uskedalen Vassverk SA etter vassressurslova § 8 løyve til etablering av nytt inntak og uttak av vatn til drikkevassforsyning/generell vassforsyning. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

6 Forholdet til anna lovverk

6.1 Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

6.2 Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter forureiningslova.

6.3 Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, inkludert Miljødirektoratet/Statsforvaltaren høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det aktuelle vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av vassforsyning med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

7 Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

7.1.1 Post 1: Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og vassuttak er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	623
Alminnelig lågvassføring	l/s	27
Største vassuttak	l/s	15
Gjennomsnittleg vassuttak	m ³ /døgn	616 (7 l/s)

Vassverket slepp per i dag ikkje minstevassføring til elva, og det er heller ikkje no planlagt å gjere dette. I det aller meste av tida vil ikkje vassverket sitt vassuttak merkast på vassføringa i elva. Samfunnsnyttan av drikkevassforsyning er høg og behovet for vatn er ofte størst i periodar då det er lite vatn i elva. NVE kjenner ikkje til viktige verdiar som er avhengige av vatnet i elva, og når føremålet er drikkevass meiner vi det kan akseptast at ein 130 m lenger strekning går tilnærma tørr av og til.

NVE set ikkje krav om slepp av minstevassføring frå det nye inntaket.

7.1.2 Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar vassuttak, etablering av nytt inntak, tilkomstveg og røyrleidning.

Detaljerte planar skal leggjast fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt til NVE og vedtak må vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmende for kva krav til sikkerheit som vert stilt til planlegging, bygging og drift og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

NVE vil ikkje ta planar for landskap og miljø til behandling før anlegget har fått vedtak om konsekvensklasse.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 6 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å oppsummere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stadar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak	Det er oppgitt i søknaden at inntaket skal plasserast på kote 127, men nøyaktig plassering kan justerast ved detaljplan. Søklar har planlagt å bruke coandainntak. NVE kan også akseptere liknande tekniske løysingar for inntak i detaljplangodkjenninga.
Vassveg	Det skal leggjast ca. 125 m ny vassleidning frå ny inntakskum fram til samankopling med eksisterande vassleidning ved dagens inntak. Denne skal gravast ned.

Største vassuttak	Søknaden oppgir 15 l/s.
Gjennomsnittleg vassuttak	Søknaden oppgir 616 m ³ /døgn (7 l/s).
Veg	Det er planlagt ca. 65 m ny veg frå eksisterande veg fram til inntaket. Vegen fram til inntaket kan behaldast som tilkomstveg for vedlikehald. Søknaden beskriv eit eksisterande flaumløp. Dette flaumløpet skal oppretthaldast ved at ein senkar tilkomstvegen og nyttar grove steinmassar i oppbygging.
Nedlegging av vassdragsanlegg	Ifølgje vassressurslova § 41 skal vassdragsanlegg som ikkje er i bruk som hovudregel fjernast og området tilbakeførast til opphavleg tilstand så langt det let seg gjere. NVE reknar med at Uskedal Vassverk SA fjernar dei gamle inntaksinstallasjonane dersom desse ikkje skal brukast meir.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

7.1.3 Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknad av tiltaket.

7.1.4 Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

7.1.5 Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

8 Vedlegg

Kart henta frå søknaden:

